



# Alkoholpolitisk handlingsplan

Perioden 2024 – 2028

Kommunestyret den 22.2.2024, vedtak sak 6/2024

## 1. MÅLSETJING

Planen har som målsetjing å redusera alkoholbruken i tråd med nasjonal målsetjing og avgrensa dei skadar som alkoholbruk kan medføre for samfunnet og enkeltindivid i Masfjorden kommune.

## 2. FØREBYGGJING

- 2.1 Vaksne som har roller knytt opp mot born og ungdom, må med haldning til bruk av alkohol, gå føre med godt føredøme.
- 2.2 Opplysnings- og haldningsskapande tiltak om alkoholforbruk skal stå sentralt i Masfjorden sin alkoholpolitikk. Det skal arbeidast aktivt med førebyggande tiltak i samarbeid med/mellom foreldre/føresette, skule, lag/organisasjonar og politi.
- 2.3 Det skal leggjast til rette for å gjera born og unge sine oppholdsstader og nærområder alkoholfrie.
- 2.4 Oppholdstader og nærområder for born og unge er definert som samlingsstader som vert brukt til leik, aktivitetar i skule og/eller fritid.
- 2.5 Masfjorden kommune er ”Samarbeidskommune med MOT”, ei ideell og landsomfattande stifting. MOT skapar varmare og tryggare oppvekstmiljø gjennom å styrke menneska sitt MOT til å ta vare på seg sjølv og kvarandre.

## 3. DEFINISJONAR

- 3.1 Alkoholhaldig drikk gruppe 1: Over 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol
- Alkoholhaldig drikk gruppe 2: Over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol
- Alkoholhaldig drikk gruppe 3: Frå og med 22 til og med 60 volumprosent alkohol

## **4. TILTAK OG KONTROLL**

- 4.1 Alkoholpolitisk handlingsplan skal reviderast ein gong i kommunestyrebolken.
- 4.2 Avgift for sal- og skjenkeløyve er regulert i forskriftene til alkohollova. Løyvegebyret vert rekna for kvar vareliter med minstesatsar for sal og skjenking.
- 4.3 Gebyr for einskildarrangement vert sett til kr. 440,-.  
Kontrollutvalet for sal- og skjenkestader vert lagt til formannskapet.
- 4.4 Salsløyve for alkohol i alkoholgruppe 1, kan gjevast til daglegvarebutikkar. Salsløyve for alkohol i alkoholgruppe 1 og 2, kan gjevast til næringsaktørar som er godkjent for å tilverke alkoholholdig drikke i tråd med gjeldande lovverk.
- 4.5 Den som har fått skjenkeløyve skal sjå til at arealet rundt skjenkestaden er ordentleg etter kvart arrangement.
- 4.6 Det vert stilt krav om kunnskapsprøve i alkohollova for skjenkestyrar/løyvehavar for einskildarrangement når arrangementet forventar over 100 deltakrar.
- 4.7 Kontrollrapportane frå skjenkekontrollen skal sendast direkte til løyvehavar med kopi til kommunen. Det skal opplysts om høve til å uttala seg innan to veker, jf. forskriftene § 9-6.
- 4.8 Masfjorden kommune kjøper sals- og skjenkekontrollteneste frå privat aktør etter felles anbod i regionen.
- 4.9 Kommunen kan stilla som vilkår at ein skjenkestad skal ha 18 års aldersgrense der dette kan avgrensa tilgjenge til alkohol og gje betre kontroll med gjennomføringa av skjenkeløyve, jf alkohollova § 4-3.

## **5. SALS- OG SKJENKELOVVE**

- 5.1 Salsløyve for alkohol i gruppe 1, kan gjevast til daglegvarebutikkar. Salsløyve for alkohol i gruppe 1 og 2, kan gjevast til næringsaktørar som er godkjent for å tilverke alkoholholdig drikke i tråd med gjeldande lovverk.
- 5.2 Skjenkeløyve for alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3 kan gjevast til kafear/serveringsstader som gjev allsidig mattilbod.
- 5.3 Næringsaktørar som er godkjent for å tilverke alkoholholdig drikke i tråd med gjeldande lovverk kan få skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1 og 2.
- 5.4 Når det gjeld lukka einskildarrangement kan alle skjenkestader få løyve til skjenking av alkoholgruppe 3.
- 5.5 Rådmannen får fullmakt til å gje skjenkeløyve for øl, vin og brennevin innanfor tidsrommet frå kl 13.00 til kl 02.00:
  - i einskildhøve til slutta lag (ambulerande skjenkeløyve), jfr. alkohollova § 4-5.
  - i einskildhøve i samband med arrangement, jfr. alkohollova § 1-6, 3. ledd. Slike løyver vert gjort med heimel i delegeringsreglementet.
- 5.6 Frist for å søka om skjenkeløyve for einskildarrangement, vert sett til 4 veker før arrangementet.

## **6. SALS- OG SKJENKETIDER**

### **Sal alkoholgruppe 1:**

Kvardagar	kl. 09.00 – 20.00
Dagar før helgedagar	kl. 09.00 – 18.00

**For skjenking gruppe 1 og 2:** kl. 13.00 – 02.00

**For skjenking gruppe 3:** kl. 13.00 – 02.00

**Lukka arrangement gruppe 1, 2 og 3** kl. 13.00 – 02.00

## **7. TILHØVE TIL ANDRE PLANAR**

7.1 Skjenkeløyve må vurderast opp mot strategisk næringsplan sin handlingsplan, der tiltak er å utvikla reiselivsprodukt.

7.2 Skjenkeløyve må også vurderast opp mot kommunedelplan for helse- omsorg og sosial si målsetting om at folkehelsearbeid handlar om å skapa gode oppvekstvilkår for born og unge, førebyggje sjukdom og skadar, og å utvikla eit samfunn som fremjar fellesskap, tryggleik, inkludering og deltaking for alle innbyggjarane i kommunen.

## **8. INNDRAGING AV LØYVE**

8.1 Alkoholforskrifta i §§ 10-1 til 10-6 inneheld eit system for prikktildeling ved brot på løyvehavar sine alkoholrettslege plikter. Reglane inneber at ulike brot blir tildelt eit visst tal prikkar og der 12 tildelte prikkar i løpet av to år fører til ein standardreaksjon på inndraging i ei veke.

8.2 Dersom løyvehavar i løpet av ein periode på to år er tildelt til saman 12 prikkar, skal kommunestyret inndra løyvet for eit tidsrom på ei veke. Dersom det i løpet av to-årsperioden blir tildelt fleire enn 12 prikkar skal kommunestyret auke lengda på inndraginga tilsvarende.

8.3 Ordninga med prikkbelastning er obligatorisk, og kommunen er pliktig til å følgje dei reglane som følger av forskrifta som gjeld frå 01.01.2016. Prikktildelingssystemet er heima i alkohollova § 1-8 tredje ledd.

8.4 Det er kommunen ved rådmannen som tek stilling til om eit brot skal gje prikktildeling og i så fall kor mange. I alkoholforskrifta er det synt til eksempel på kva som fører til tildeling av ein, to, fire eller åtte prikkar.

8.5 Dersom oppgåve over omsetnad ikkje er levert innan fristen, eller sals- eller skjenkeavgifta ikkje er betalt i tide og etter purring, har rådmannen fullmakt til å inndra løyvet til oppgåva er levert eller avgifta er betalt.